



Arne Solhaug

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/2584 - 19/745

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
14.01.2019

Byggesak Gbnr 64/19 Haugstad - naust - søknad om endring - stadfesting av mottak og trong for tilleggsinformasjon

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om endring av løyve datert 02.01.2018.

Søknaden er mangelfull og kan ikkje handsamast som den ligg føre. Før søknaden kan handsamast må følgjande rettast:

- Det må nyttast skjema for søknad om endring av løyve. Skjema ligg på dibk.no.
- Omsøkte tiltak krev dispensasjonssøknad. Det må søkast dispensasjon for følgjande:
 - Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplan når det gjeld byggjegrænse mot sjø jf. føresegnene pkt. 2.5, og dispensasjon for utfylling i sjø, jf. føresegnene pkt. 2.8.3 avsnitt 10 i kommuneplan for Radøy 2011-2023.
 - Det må søkast dispensasjon frå arealføremålet, då dykk søker om etablering av kai og området er regulert for naust.
 - Det må søkast dispensasjon for etablering av kai.

•Dispensasjonssøknaden må vere grunngitt, jf. plan – og bygningslova §§ 19-1.

•Dispensasjonssøknaden og endringssøknaden må nabovarsles, jf. plan – og bygningslova § 21-3.

Skjema for nabovarsling finn dykk på dibk.no.

- Det må sendast inn oppdatert situasjonsplan.
- På innsendte foto viser det etablert båtheis. Kommunen finn ikkje i sitt arkiv at denne er søkt om. Bygningsstyresmakta ber om ei avklåring om båtheisen skal søkast om eller fjernast.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Arne Solhaug